

# Forskrift om tilskot frå Merkur-programmet

Fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet xx.xx.xx med heimel i dei årlege budsjettvedtaka til Stortinget, post 73, kap. 550.

## Kapittel 1 – Felles reglar for tilskotsordningane

### § 1 Mål

Målet er å sikre innbyggjarar i distrikta tilgang til ein daglegvarebutikk i nærleiken med god kvalitet og med tilleggstenester som aukar omsetninga, sikrar vidare drift og gir innbyggjarane i lokalsamfunnet betre tenester.

### § 2 Kva forskrifta gjeld

Forskrifta gjeld desse tilskota i Merkur-programmet som rettar seg mot heilårsdrivne daglegvarebutikker i område med få innbyggjarar , drivstoffsøl ved daglegvarebutikkane og bokhandelsdrift i distrikta:

- a) Investeringstilskot til daglegvarebutikker (kap. 2)
- b) Utviklingstilskot til daglegvarebutikker (kap. 3)
- c) Servicetilskot (kap. 4)
- d) Investeringstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikker (kap. 5)
- e) Utviklingstilskot til bokhandlar (kap. 6)

Det er ikkje mogleg å søkje utviklingstilskot og servicetilskot samtidig.

### § 3 Kven som kan få tilskot

Sekretariatet for Merkur-programmet kan gi tilskot til daglegvarebutikker i område med få innbyggjarar som har eit varetilbod som dekkjer det alminnelege ernæringsbehovet i eit hushald og andre grunnleggjande behov for daglegvarer, og som

- a) har ein nærmarknad på under 200 hushald
- b) har ein avstand på minst 10 kilometer til næraste alternative innkjøpsstad eller er lokalisert til stader utan fast vegsamband, eller er einaste daglegvarebutikk på ei øy

Sekretariatet kan òg gi tilskot til bokhandlar som

- a) er lokaliserte i ein tettstad i distrikta
- b) er den einaste bokhandelen i tettstaden eller handelsområdet
- c) har ei total omsetning på mindre enn 7 millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift.

Merkur-styret kan etter ei særskild vurdering godkjenne butikkar som ikkje oppfyller vilkåra i første ledd.

Ein søkjar kan berre få tilskot til tiltak som ikkje er starta før søknaden er ferdig handsama.

### § 4 Krav til søknad om tilskot

Ein søknad skal innehalde

- a) organisasjonsnummer og namn på den ansvarlege prosjekteigaren
- b) ei stadfesting av at søkjaren på søknadstidspunktet ikkje har fått anna bagatellmessig støtte eller tilbod om slik støtte i søknadsåret og dei to føregåande åra jf regelverket for offentleg støtte.

- c) målgruppa for tiltaket, kva ein vil oppnå med tiltaket, og ein omtale av tiltaket
- d) ein framdriftsplan for gjennomføringa av aktivitetane i tiltaket
- e) ein kostnadsplan
- f) ein finansieringsplan
- g) forventat resultat når prosjektet blir avslutta
- h) forventat verknad av tiltaket

### *§ 5 Sakshandsaminga*

Søkjaren må sende inn elektronisk søknad gjennom den elektroniske forvaltningsportalen til departementet, regionalforvaltning.no.

Sekretariatet for Merkur-programmet tildeler tilskot og fører tilsyn med at krava i forskrifta og tildelingane blir oppfylte.

Søknadene om investeringstilskot, utviklingstilskot og servicetilskot til daglegvarebutikkar og investeringstilskot til drivstoffanlegg ved daglegvarebutikkar blir handsama kontinuerleg.

Utviklingstilskot til bokhandlar blir handsama éin gong i året etter ein frist som blir kunngjord kvart år.

Vedtak om tildeling eller avslag på søknad om tilskot er eit enkeltvedtak etter forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a og b.

Merkur-styret er klageinstans for klage på vedtaka frå sekretariatet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet er klageinstans for vedtaka frå styret.

### *§ 6 Rapporteringsplikt frå Merkur-sekretariatet til departementet*

Merkur-sekretariatet rapporterer til departementet om aktivitetar, resultat og effektar vurdert opp mot måla, gjennom ein årleg rapport og gjennom faste halvårsmøte mellom sekretariatet og departementet.

### *§ 7 Rapporteringsplikt for tilskotsmottakaren*

Ein tilskotsmottakar skal rapportere om kva pengane er brukte til, og kva som er resultatane av investeringane i regionalforvaltning.no og merkur-programmet.no. Rapporteringsplikta følgjer i tillegg av ordningane under kap. III, IV og V.

Tilskotsmottakaren skal informere Merkur-sekretariatet dersom det blir gjort endringar i prosjektet det er søkt om, som fører til at føresetnadene i forskrift og tilskotsbrev ikkje blir oppfylte. Merkur-sekretariatet skal då vurdere om tilskotet skal trekkast tilbake, eller om endringane er innanfor måla med tilskotsordninga og kriteria for tildeling.

Ved til dømes nytt utstyr i samband med havari skal søkjaren kontakte forvaltaren.

Om tiltaket krev mindre kapital enn forventat, kan forvaltaren redusere tilskotet i samsvar med dette.

## **Kapittel 2 – Investeringsstøtte til daglegvarebutikkar**

### *§ 8 Mål*

Tilskota i kapittel 2 skal bidra til at daglegvarebutikkar som oppfyller vilkåra i § 3 første, tredje og fjerde ledd, blir moderniserte og meir lønnsame.

### *§ 9 Tildelingsreglar*

Ein daglegvarebutikk som oppfyller krava i § 3 første, tredje og fjerde ledd, og som oppfyller desse krava, kan søkje om investeringstilskot:

- a) er open heile året
- b) har ei årsomsetning på inntil 10 millionar kroner eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel

#### § 10 Bruken av investeringstilskota

Denne tilskotsordninga skal i hovudsak gå til fysiske investeringar i butikkane. Minimum støttebeløp er inntil 25 000 kroner, og maksimalt støttebeløp er inntil 400 000 kroner eksklusiv meirverdiavgift kvart år.

#### § 11 Utrekningsreglar

Ein butikk som har inntil 7 millionar kroner i omsetning og minst 10 kilometer til næraste innkjøpsalternativ, ligg i veglaust samfunn eller åleine på ei øy, får tilskot med inntil 75 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

Ein butikk som har mellom 7 og 10 millionar kroner i omsetning og minst 10 kilometer til næraste innkjøpsalternativ, kan få tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

Merkur-styret kan unntaksvis vedta å gi ein søknad frå ein butikk som har inntil 13 millionar kroner i omsetning og mellom 10 og 5 kilometer til næraste innkjøpsalternativ, tilskot med inntil 50 prosent av dei totale kostnadene i prosjektet.

#### § 12 Rapporteringsplikt

Mottakaren av tilskotet skal rapportere inn denne informasjonen som gjeld prosjektet det er gitt tilskot til, på rapporteringsskjemaet for Merkur-programmet:

- a) kostnadsoverslag
- b) tilskotet ein blei tildelt
- c) fakturainformasjon med
  - 1 fakturanummer
  - 2 fakturadato
  - 3 leverandør
  - 4 type investering
  - 5 brutto kostnad
  - 6 netto kostnad
- d) beløp ein ber om å få utbetalt
- e) eventuelle avvik i høve til søknaden

#### § 13 Utbetaling

Tilskotet blir utbetalt når prosjektet er ferdig og dokumentasjon og vedlegg i prosjektrekneskapen samsvarer med kalkulert kostnad i søknaden. Rekneskapen skal vere stadfesta av revisor eller ein autorisert rekneskapsfører.

Er tilskotet avgjerande for at prosjektet blir gjennomført og kostnadene blir dokumenterte undervegs, kan delar av tilskotet bli betalt ut tidlegare. Dei siste 25 prosentane av tilskotsbeløpet skal først betalast ut etter at prosjektet er gjennomført.

Investeringstilskotet er skattefritt for butikkar som ligg innanfor verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte, og det skal ikkje redusere avskrivingsgrunnlaget.

## **Kapittel 3 – Utviklingsstøtte til daglegvarebutikkar**

### *§ 14 Mål*

Tilskotet skal vere med på å byggje opp større kompetanse i daglegvarebutikken, mobilisere bygdefolket til lokal handel og leggje til rette for dei tilleggsaktivitetane som kan knytast til butikken, og som passar best for lokalsamfunnet.

### *§ 15 Tildelingsreglar*

Støtteordninga gjeld Merkur-butikkar, jf. § 3 første, tredje og fjerde ledd. Butikkane må oppfylle §§ 3 og 4, og i tillegg oppfylle desse krava:

- a) Årsomsetninga må vere mellom 3 og 7 millionar kroner (eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff og kraftfôr/gjødsel).
- b) Butikken skal ha minimum 20 kilometer i avstand til næraste butikk eller liggje åleine på ei øy eller i eit veglaust samfunn.

### *§ 16 Bruken av utviklingsstøtta*

Utviklingsstøtte skal gå til konkrete utviklingstiltak, mobiliseringstiltak, kompetansetiltak, lokalsamfunnstiltak, vurdering av og tilrettelegging for tilleggsfunksjonar, og andre utviklingstiltak som ikkje har karakter av reine investeringar.

### *§ 17 Utrekningsreglar*

Utviklingsstøtta kan dekkje 100 prosent av kostnadsbehovet, eksklusiv meirverdiavgift, og er avgrensa til maksimalt 50 000 kroner per år.

### *§ 18 Rapporteringsplikt*

Mottakaren av tilskotet skal rapportere om dette:

- a) tiltak eller aktivitetar
- b) dato for tiltak eller aktivitetar
- c) gjennomføring, deltakarar og resultat av tiltaket
- d) kor mange timar det er brukt på tiltaket eller aktivitetane
- e) kostnadene ved tiltaket eller aktivitetane

### *§ 19 Utbetaling*

Støtta blir vanlegvis betalt ut etter at prosjektet eller tiltaka er ferdige.

Er tilskotet avgjerande for at prosjektet blir gjennomført og kostnadene blir dokumenterte undervegs, kan delar av tilskotet bli betalt ut tidlegare.

Dei siste 25 prosentane av tilskotsbeløpet blir først betalte ut etter at prosjektet er gjennomført. Beløpet vil bli betalt ut etter at kostnadene ved tiltaket er dokumenterte og Merkur-konsulenten har stadfesta dei.

Støtta er skattepliktig.

## **Kapittel 4 – Servicetilskot til dei minste daglegvarebutikkane**

### *§ 20 Mål*

Servicestøtta skal bidra til at dei minste daglegvarebutikkane yter service som tilleggsoppgåver til lokalsamfunnet og det lokale næringslivet, gjennom å bidra til vidare drift av daglegvarebutikkane.

#### *§ 21 Tildelingsreglar*

Tilskotet kan bli gitt til daglegvarebutikker som oppfyller alle føresetnadene i § 3 første, tredje og fjerde ledd. I tillegg må butikken

- a) ha minst tre tilleggsstenester i tillegg til sal av daglegvarer
- b) ha under 3 millionar kroner i årsomsetning, eksklusiv meirverdiavgift, drivstoff, kraftfôr og gjødsel
- c) ha minimum 20 kilometer avstand til neste daglegvarebutikk, liggje i eit veglaust samfunn eller åleine på ei øy
- d) vere open heile året og ha ope minst 3 kvardagar per veke i lågsesongen

#### *§ 22 Bruken av servicestøtta*

Service er her definert som tilleggsoppgåver som butikken har teke på seg i eigen regi, eller oppgåver som butikken utfører for kommunen eller andre aktørar.

Servicefunksjonar er til dømes post og bank i butikk, tipping, kaffikrok, turistanlegg, kommunalt servicekontor, sal av drivstoff, kafé/pub med meir. Servicestøtta kan brukast til utviklings- og driftskostnader og mindre investeringar som bidreg til å nå målet med ordninga.

Servicestøtta er på inntil 100 000 kroner per år.

#### *§ 23 Rapporteringsplikt og søknad om fornya støtte*

Butikken skal mellom 1. januar og 1. mai året etter tilskotsåret levere ein sluttrapport om korleis servicestøtta har bidrege til å halde butikken og servicefunksjonane oppe. Rapporten skal mellom anna innehalde omsetningsrapport (varegruppe og nøkkeltal) frå butikkdatasystemet per 31. desember i tilskotsåret og ei oversikt over tilleggsstenester.

Er villkåra for tilskot til butikken framleis oppfylte, kan butikken søkje om nytt, årleg tilskot samstundes med sluttrapporten i den elektroniske forvaltningsportalen til departementet, regionalforvaltning.no.

#### *§ 24 Utbetaling*

Når søknaden er godkjend, vil søkjaren få eit tilskotsbrev med vilkåra for servicestøtta. 75 prosent av støtta blir betalt ut når mottakaren har akseptert vilkåra i tilskotsbrevet, og dei resterande 25 prosentane blir betalte ut når rapporten for bruken av midlane er sendt inn og godkjend.

Støtta er skattepliktig.

Ei tildeling må vere betalt ut seinast 31. desember året etter at tilskotet blei gitt.

## **Kapittel 5 – Investeringstilskot til drivstoffanlegg i tilknytning til daglegvarebutikker**

#### *§ 25 Mål*

Investeringsstøtta til drivstoffanlegg skal tryggje drivstofftilgangen i distrikta.

### *§ 27 Kven ordninga gjeld for.*

Ordninga gjeld i hovudsak drivstoffanlegg ved Merkur-butikkar. Andre verksemder som driv eller eig drivstoffanlegg, kan i heilt særskilde høve òg bli omfatta av ordninga. Dersom avstanden er spesielt lang til alternative drivstoffanlegg og anlegget er avgjerande for å sikre lokalbefolkninga tilgang på drivstoff, vil Merkur-styret kunne vurdere slike søknader.

Anlegg som er eigde av oljeselskap, er ikkje omfatta av støtteordninga. Anlegg som i hovudsak forsyner eigne køyretøy, fartøy og landbruksmaskiner med drivstoff, er heller ikkje omfatta av ordninga.

### *§ 27 Tildelingskriterium*

Desse kriteria skal vere oppfylte:

- a) Anlegget skal vere avgjerande for å sikre lokalbefolkninga tilgang på drivstoff.
- b) Salsvolumet kan ikkje overstige 500 000 liter drivstoff per år. Anlegg under 300 000 liter blir prioriterte.

Drivstoffanlegg som ikkje er knytte til ein Merkur-butikk, skal i tillegg oppfylle desse vilkåra:

- c) Det må vere ein avstand på minimum 20 kilometer til næraste drivstoffanlegg, eller det må liggje på ei øy eller i eit veglaust samfunn.

### *§ 28 Bruken av investeringsstøtta til drivstoffanlegg*

Investeringsstøtta til drivstoffanlegg skal gå til opprusting av eksisterande anlegg. Ordninga kan òg yte støtte til etablering av nye drivstoffanlegg i tilknytning til daglegvarebutikkar. Anlegg som ligg på stader der avstandane til næraste drivstofftilbod er lange, skal prioriterast. Ein kan søkje om støtte til investeringar i både stasjonære og mobile drivstoffanlegg.

### *§ 29 Utrekningsreglar*

Investeringsstøtta til drivstoffanlegg kan dekkje inntil 50 prosent av investeringsbehovet.

### *§ 30 Utbetaling*

Støtta blir vanlegvis betalt ut etter at prosjektet er ferdig. Dokumentasjon og utbetalingsgrunnlag er prosjektrekneskap i samsvar med kalkulert kostnad i søknaden, stadfesta av revisor eller ein autorisert rekneskapsfører.

Er tilskotet avgjerande for at prosjektet blir gjennomført og kostnadene blir dokumenterte undervegs, kan delar av tilskotet bli betalt ut tidlegare. Som dokumenterte kostnader reknar ein faktura, betalingskvittering og naudsynt attestasjon.

Ved delutbetalingar blir dei siste 25 prosentane først betalte ut etter at prosjektet er gjennomført.

Investeringsstøtta er ikkje skattepliktig.

## **Kapittel 6 – Utviklingstilskot til bokhandlar**

### *§ 31 Mål*

Tilskotet skal bidra til å styrkje grunnlaget for lønnsam bokhandelsdrift i distrikta, gjennom kompetansebygging, nettverksarbeid og å utvikle bokhandelen som kulturarena og møteplass i lokalsamfunnet.

#### *§ 33 Kven ordninga gjeld for.*

Ordninga gjeld Merkur-bokhandlar, jf. § 3 andre ledd. Ein Merkur-bokhandel er ein distriktbokhandel som har delteke eller deltek i Merkur Bok. Butikkar som forpliktar seg til å delta i Merkur-programmet Merkur Bok, kan òg omfattast av ordninga.

#### *§ 34 Kriterier for tildeling.*

Bokhandlane skal

- d) vere lokaliserte i tettstader med få innbyggjarar
- e) vere einaste bokhandel i tettstaden
- f) skal ha mindre enn 7 millionar kroner i total omsetning, eksklusiv meirverdiavgift

#### *§ 35 Bruken av utviklingsstøtta*

Utviklingsstøtta skal brukast til tiltak for å styrkje og utvikle drifta av butikken, mellom anna til tilrettelegging for tilleggfunksjonar knytt til utvikling av bokhandelen som sosial og kulturell møtestad.

Dette kan omfatte mindre nye investeringar, marknadsføring av ulike samarbeidsprosjekt og gjennomføring av arrangement i bokhandelen.

Generelle kostnader til marknadsføring som er ein del av den ordinære drifta, vil ikkje kome inn under denne ordninga.

#### *§ 36 Utrekningsreglar*

Kvar butikk kan søkje om inntil 50 000 kroner per år. Det er sett av midlar slik at inntil 10 bokhandlar kan få støtte kvart år.

#### *§ 37 Utbetaling*

Støtta blir betalt ut etter at prosjektet er ferdig, og etter at kostnadene til dei innvilga utviklingstiltaka eller aktivitetane er dokumenterte og Merkur-konsulenten har stadfesta dei.

Utviklingsstøtta er skattepliktig.

## **Kapittel 7 – Stans i utbetaling og tilbakebetaling**

#### *§ 38 Redusert utbetaling*

Krev prosjektet som det er gitt tilskot til, mindre kapital enn det søknaden gjaldt og tilskotet byggjer på, kan Merkur-sekretariatet redusere utbetalinga tilsvarande eller krevje tilbakebetalt det som er utbetalt for mykje.

#### *§ 39 Stans av utbetalinga*

Merkur-sekretariatet kan stanse utbetalinga av heile eller delar av tilskotet dersom

- a) mottakaren har gitt urette, misvisande eller mangelfulle opplysningar og tildelinga byggjer på slike opplysningar
- b) mottakaren utan samtykkje frå Merkur-sekretariatet eller -styret har endra prosjektet slik at det ikkje oppfyller krava i forskrifta og vedtaket om tilskot

- c) mottakaren søker gjeldsforhandlingar, går konkurs eller avviklar verksemda  
Mottakaren kan ikkje klage dersom utbetalinga blir stansa etter første ledd.

#### *§ 40 Tilbakebetaling av tilskot*

Merkur-sekretariatet kan krevje heile eller delar av tilskotet tilbakebetalt dersom

- a) mottakaren har gitt urette, misvisande eller mangelfulle opplysningar og tildelinga byggjer på slike opplysningar
- b) mottakaren utan samtykkje frå Merkur-sekretariatet eller -styret har endra prosjektet slik at det ikkje oppfyller krava i forskrifta og vedtaket om tilskot
- c) mottakaren ikkje rapporterer før sluttdatoen eller rapporteringsfristen i tildelingsvedtaket går ut

#### *§ 41 Dispensasjon*

Departementet kan i særlege høve dispensere frå denne forskrifta.

#### *§ 42 Ikraftsetjing*

Forskrifta blir sett i kraft xx. xx 2018.